



Arve Opsanger er samd med Eskil Moen

Planleggjing av Uskedalen er enklare enn på Husnes. Difor trur leiar Arve Opsanger i Kvinnherad Arbeidarparti at rullering av kommundelplanen og framtidige reguleringsplanar vil ivareta bygda. Opsanger er difor samd med Eskil Moen frå Framstegspartiet og Uskedalen i at vår bygd kan få ei like god utvikling utan stadanalyse. Det var under møtet til Uskedalen Utvikling tidligare denne veka Moen hevda at løyvinga til ein analyse heller burde nyttast til eit anna føremål og at analysen for Husnes ikkje er verd papiret den er skreve på



[Eskil Moen meiner pengane kan nyttast til noko betre](#)

Opsanger presiserar i eit innlegg om saka i HusnesNett at ein stadanalyse ikkje er eit juridisk bindande dokument og held fram at det alltid må vurderast om slike analysar er nyttige. Og det kan ein berre sjå i samband med endring av eksisterande eller nye reguleringsplanar. Nyta må alltid vurderast.

Opsanger meiner at stadanalysen for Husnes er eit nyttig grunnlag for vidare planar, Hovudutfordringa for kommunen er at det tek for lang tid med planprosessane og mellom rulleringane av kommunedelplanane. Arbeidet med desse er prega av eit sterkt grunneigarfokus og det går på bekostning av fokus på samfunnsutviklinga, meiner leiaren i Arbeidarpartiet.

Etter ei høyring skal kommunestyret bestemma kva planar som skal vera ein del av planstrategien framover og om til dømes Uskedalen skal med.

Av Ola Matti Mathisen

Foto: HusnesNett og Ola Matti Mathisen